



Julehelsing frå Stord Næringsråd

2012 går snart over i historia, og for næringslivet på Stord er det skrive mykje god historie i år.

Dei store verksemdene har fylt opp ordrebøkene med Edvard Grieg og Ormen Lange, og arbeidet med Eldfisk II er godt i gang. Tida med permitteringar er over, og det er ein topp trimma leverandørindustri som ønskjer å ta fleire bitar av kaka når det skal delast ut nye kontraktar i 2013.

Sterke verksemdar med et stadig veksande ingeniørmiljø, syner at det går godt an å vera verdsleiande om du bur og jobbar i Sunnhordland. For enda sterkare å synleggjera den unike kompetanseregionen, vil Stordkonferansen etter 14 år skifta namn til Sunnhordlandskonferansen. Som medarrangør gler me oss til å ønskja partileiarane velkommen til Sunnhordlandskonferansen 11. juni 2013, for bl.a. å utfordra dei på energipolitikken før stortingsvalet i september.

Store ordreservar hos hjørnesteinsverksemdene, og generelt gode utsikter for oljerelatert industri, skapar optimisme og investeringslyst også i resten av næringslivet. Nye husvære, nye næringsbygg og heilskapelege løysingar for infrastruktur, vil gje byen Stord og Leirvik sentrum et løft. Me oppmodar alle til å vera med å bruka desse unike moglegheitene, og jobba saman for gode, framtidsretta løysingar. Og sjølvsagt må byen vera pynta til Stordfest i slutten av juni.

På årstreffet vårt 25. oktober delte me ut næringsprisen til Advantec. Det var i sterk konkurranse med Fronta og Fylkesnes Bil dei stakk av med prisen, og me er svært glad for å kunna løfta fram dyktige næringslivsaktørar. Me vil i det nye året ta til orde for, i enda sterkare grad å heia fram dei gode verksemdene. Amerikanarane seier: "Everyone wants to be on a winning team", og me trur at å synleggjera dei som lykkast, vil gjera oss stolte, og igjen gjera heile regionen attraktiv.

Stord Næringsråd vil i 2013 oppretta ei ressursgruppe for dei unge i næringslivet. Me trur det er viktig at dei unge er med å setje sitt preg på både næringsutvikling og nettverksarenaer. Det er dei som er framtida, og med dagens tempo i utviklinga må me snakka det rette "digitale" språket for å hengja med.

Me ser at dei økonomiske utfordringane i Europa har ført til massearbeidsløyse, spesielt blant unge. Mange av desse kjem til Noreg for å dela sin kompetanse med oss, og det er viktig at me klarar å ta denne kompetansen i bruk, og leggja til rette for et større mangfald. Bruk av utanlands arbeidskraft er for mange av verksemdene del av løysinga for å rekruttera nok kompetanse. Stord Næringsråd vil i 2013 setja temaet på dagsorden, og me vil jobba aktivt for at både informasjon og praktiske løysingar vert gode. Bemanningsdirektivet som vert gjeldande frå nyåret vil gje store utfordringar for næringslivet, og vonleg finn ein løysingar som ikkje svekkar konkurransekrafta i for stor grad.

Me set vidare vår lit til at samferdslepolitikarane får ferjefri kyststamveg, med bru over Bjørnefjorden inn i NTP 2014-2023, og at prosjektet startar opp i planperioden.

Til slutt takkar me alle for eit godt samarbeid i 2012, og takk også for at de har bidrege til god oppslutning og entusiasme på våre arrangement. Og spesielt takk og velkommen til alle dei nye medlemsverksemdene. Me gler oss til å ta fatt på et nytt år med høg aktivitet, og me startar med å invitera til frukostmøte med hovudsamarbeidspartnar SKL den 24. januar.

Men først skal me ta oss ein pust i bakken....

Ha ei god og fredeleg julefeiring alle saman!

*Helsing
Anne-Grete Sandtorv
Dagleg leiar
Stord Næringsråd*

*Mob. 901 45 458
www.stordnaeringsraad.no*

